
Vår referanse 2021/2543-2
Dato 23.02.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 Alver

Vedk. riving av driftsbygning - SEFRAK - gnr 1 bnr 12 - Flatøy - Alver kommune

Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv viser til dykkar brev datert 25. januar, der de ber om fråsegn til sak som gjeld søknad om riving av SEFRAK-registrert løe på Flatøy. Løe er oppført tidleg på 1900-talet, med påbygg frå 1936 og silo frå 1952. Vi har ingen merknader til tiltaket då vi ikkje vurderer løe til å inneha regional kulturminneverdi. Vi viser til Alver kommune si kulturavdeling for ei nærmare vurdering når det gjeld tiltaket sine konsekvensar for kulturmiljøet. Bygget bør dokumenterast før riving, og ein bør gjere ei vurdering av verneverdien.

Vestland fylkeskommune ynskjer å påpeike at bygningar frå dei gamle gardsmiljøa i Alver kommune er under sterkt press, og forsvinn eller blir ombygd eitt etter eitt. I den nye kulturminneplanen som skal utarbeidast bør ein prioritere å sjå nærmare på desse bygga, og utføre verdivurderingar både av enkeltbygg og kulturmiljø.

Med helsing

Berit Vik
saksbehandlar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Mottakarliste
Alver kommune Postboks 4 5906 FREKHAU
G
Larissa Dahl